

VURDERING AV RISIKO OG VESENTLEGHEIT

GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023

ÅLESUND KOMMUNE

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund.

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har i tråd med tidlegare praksis (Komrev3 IKS), og etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS, gjennomført risiko og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon (FR).

Dette dokumentet summerer opp resultata frå vår gjennomgang av verksemda i kommunen for å identifisere risikoforhold som kan danne grunnlag for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

I avsn. 1.2 blir det vist korleis vi har forsøkt å antyde risikonivå. Det er ikkje enkelt å dele opp vurderingane i tabellar slik det er gjort her, og det blir subjektivt kor vesentleg noko er. Fargebruken er difor heller ikkje nødvendigvis heilt konsistent. Hovudføremålet har uansett vore å forsøke å få fram opplysningar og innspel til dei vurderingar som Kontrollutvalssekretariatet og Kontrollutvalet skal gjere i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon.

Ålesund kommune vart etablert 01.01.2020, og det er mange planar, rutinar, retningsliner med vidare som formelt ikkje er på plass. Det skal og etablerast felles praksis i ny kommune.

Datamateriale frå tidlegare kommunar er delvis nytta, og dette er heller ikkje optimalt då dei tidlegare kommunane var ulikt oppbygde – og ulike den nye kommunen. Det er etter vår vurdering difor vanskeleg å vurdere/konkludere på dei forskjellige risikoområda no.

Vi rår difor til at det blir vurdert å vedta ein plan der ein rullerar risiko- og vesentlegvurderingane rundt årsskiftet 2021/2022 når meir er på plass, og også statistikk med vidare er klart for den nye kommunen.

Det er m.a. gjennomført ei spørjeundersøking til formannskap og utvalsleiarar. I denne undersøkinga kom det fram ei rekke forslag til moglege tema for forvaltningsrevisjon:

- Budsjettlojalitet
- Lovpålagde vs ikkje-lovpålagde oppgåver
- Sjølvkosttenestene, nivå
- Internt tillit mellom nivå i organisasjonen
- Rapportering til politisk nivå/oppfølging av politiske vedtak
- Lengde på avgjerslevegar vs effektiv forvaltning
- Byggjesakshandsaming
- Samordning mellom tenestene

Vidare var det fleire av politikarane som ga uttrykk for at det var utfordringar knytt til kommunen sitt omdøme.

Kommunedirektøren har gitt tilbakemelding om at forvaltningsrevisjon bør baserast på generelle vurderingar av risiko ved store reform og fusjonsprosessar.

Ålesund, 06.10.2020

INNHOLD

1 Innleiing	6
1.1 Forvaltningsrevisjon.....	6
1.2 Vurdering av Risiko og vesentlegheit (ROV)	7
1.3 Kvalitetsstyring og internkontroll.....	8
1.4 Det kommunale plansystemet.....	8
1.5 Kjelder	9
2 Kort om Ålesund kommune.....	10
2.1 Politisk organisering	11
2.2 Administrativ organisering.....	11
2.3 Økonomi og økonomiske nøkkeltal	12
3 Kommunale tenester – sektorovergripande område.....	15
3.1 Intern kontroll og system for avvik	15
3.2 Openheit og innsyn	16
3.3 Arkiv og dokumentasjon	17
3.4 Digitalisering.....	18
3.5 Sakshandsaming.....	19
3.6 Offentlege innkjøp.....	19
3.7 Offentleg støtte.....	21
3.8 Etikk og varsling	22
3.9 Personvern og Informasjonssikkerhet	23
3.10 Arbeidsmiljø	24
3.11 Samfunnssikkerheit og beredskap.....	26
4 Kommunale tenester - sektorar	27
4.1 Barnehage	27
4.2 Grunnskule	29
4.3 Helse	31
4.4 Barnevern	33
4.5 Pleie og omsorg	34
4.6 Psykisk helse og rus	37
4.7 NAV - Sosialtenesta	37
4.8 Kultur.....	38
4.9 Teknisk	39
4.10 Miljø	45

5 Vedlegg.....	47
SSB – KOSTRA.....	47
Kjelder.....	54

1 INNLEIING

1.1 FORVALTNINGSREVISJON

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen og i selskap som kommunen har eigarinteresser i. Kontrollutvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette blir omtala som eigarskapskontroll.

Plan for forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3, 2. og 3. ledd går det fram følgande om plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegera til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll, og kommunestyret sin kontroll med forvaltinga i kommunen. Forvaltningsrevisjonen har som rolle å undersøke om kommunen si verksemde skjer i tråd med gjeldande lover og regler og kommunen sine eigne planer og vedtak. Fokus kan og rettes mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggjarar.

Forvaltningsrevisjon vert definert slik i kommunelova §23-3, 1.ledd:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet:

- Synleggjere muligheter til økt produktivitet og måloppnåing
- Få fram styringsinformasjon til avgjersletakarane i kommunen
- Bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- Bidra til kommunen sin eigenkontroll

Plan for eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Plan for eigarskapskontroll skal vere basert på ei eiga ROV av kommunen sitt eigarskap. Dette dokumentet inneheld ikkje ei slik vurdering, men dette blir å kome attende til i eige dokument etter avtale med KU-sekretariatet. Eventuelle planlagde forvaltningsrevisjonar av kommunale selskap skal no innarbeidast i plan for forvaltningsrevisjon. Tidlegare gjekk desse fram i det som heitte «Plan for selskapskontroll». Vi har forstått det slik at det er ønskeleg å innarbeide slike planlagde revisjonar i plan for forvaltningsrevisjon i etterkant når ROV for kommunen sitt eigarskap ligg føre.

1.2 VURDERING AV RISIKO OG VESENTLEGHEIT (ROV)

Det er rimeleg at ei ROV, som igjen skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, tek utgangspunkt i anerkjent teori og metode. Vi legg til grunn det såkalla COSO¹-rammeverka som er utarbeidd med tanke på leiing og styring i alle typar verksemder, og som kan brukast både i privat og offentleg sektor. Desse rammeverka har fått som status som beskriving av beste praksis på området risiko- og risikostyring.

Med risiko forstår vi faren for at det kan oppstå avvik/hendingar i høve til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar. Kontrollutvalet må ut frå skjøn vurdere dei ulike områda (hendingane) opp mot kvarandre og avgjere kva som er dei mest vesentlege.

Riskovurderingane er knytt til:

- Vurdering av kor sannsynleg det er at risikofaktoren inntreff
- Vurdering av konsekvens dersom risikofaktor inntreff

I riskovurderingane blir det teke omsyn til eventuelle tiltak som leiinga i kommunen har sett i verk for å redusere at risikofaktoren skal inntrefte og redusere konsekvensen dersom risikofaktoren inntreff.

Vi bruker farger for å antyde eit risikonivå. Fargene som blir nytta er grøn (lav), gul (middels) og raud (høg). Vi har vidare valt å bruke ein tabell der valde risikofaktorar blir vurdert i høve sannsynlegheit og konsekvens. Tabellen som blir nytta i rapporten er:

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko-vurdering L = lav M = medium H = høg		Risikonivå
	Sannsynlegheit for at risikofaktor inntreff	Konsekvens om risikofaktor inntreff	Sannsynlegheit	Konsekvens	
Område					
			M	H	
Teneste					
			L	M	
Oppgåve					
			L	L	

Risiko er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsetnader. Risikofaktorar er mulige hendingar som kan gjer til at kommunen ikkje når sine målsetnader. Analysen set opp risikofaktorar som er vesentlege for om kommunen når sine mål.

¹ COSO-Committee of Sponsoring Organizations of Treadway Commission.

Konsekvensane kan ha følger for eigen verksemd i kommunen og/ eller innbyggjarane i kommunen. Det vil alltid vere ei viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen har både lav sannsynlegheit og lav konsekvens.

Som nemnt i forordet er det ikkje lett å låse vurderingane i ein slik forenkla tabell. Fargebruken vil difor ikkje nødvendigvis vere heilt konsistent gjennom dokumentet.

1.3 KVALITETSSTYRING OG INTERNKONTROLL

Kommunedirektøren har eit ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsysteem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og etterleving av reglar.

Ålesund nyttar avvikssystemet Compilo. Vidare blir det arbeidd med å nytte Framsikt som system med KOSTRA-rapportar, budsjettering mv.

I COSO-modellen er risiko og vesentlegvurdering ein integrert del. Internkontroll er her å forstå som ein kontinuerleg prosess i organisasjonen. COSO er mellom anna omtalt i KS: *Rådmannens internkontroll, Hvordan få orden i eget hus?*:

COSO-rammeverket er sett saman av tre målsetnader og fem komponentar. Desse blir knytt opp til ulike arbeidsprosessar i verksemda.

Dei tre målsetnadane definerer internkontrollen sitt virkeområde(r):

- Målretta og kostnadseffektiv drift
- Påliteleg rekneskapsrapportering
- Halde lover og regler

Dei fem komponentane representerer rammeverket sin arbeidsmetodikk:

- Kontrollmiljø
- Risikovurderingar
- Kontrollaktiviteter
- Informasjon og kommunikasjon
- Leiingsmesseg oppfølging og overvaking

Komponentane fortel kva som bør leggast vekt på og korleis ein kan gå fram for å sikre god internkontroll over arbeidsprosessane.


Det er opplyst at Ålesund kommune legg COSO-rammeverket til grunn for kommunen sitt heilskaplege plan, leiings og styringssystem.

1.4 DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET

Kommunar har ulike styringsdokument som blir nytta til å planlegge, utarbeide tiltak, og for å evaluere verksemda og tenesteytinga. Kommunane er pålagde gjennom lov å utarbeide ein samordna plan for kommunen si verksemd og ei kontinuerleg planlegging og samordning av kommunen si fysiske, økonomiske og kulturelle utvikling. For å tilfredsstille krav i lova er det i samband med kommuneplanarbeidet utvikla eit eige plansystem. Dette slik at kommunestyret skal kunne ha eit

styringsverktøy som på bakgrunn av oppnådde resultat (årsmelding) gir grunnlag for å kunne styre kommunen i ei ønska retning.

Handlingsprogrammet vil vise korleis fagområda skal følge opp kommuneplanen og er konkretisert med kortsiktige periodemål basert på dei langsiktige måla i kommuneplanen. I tillegg skal økonomiplanen vise korleis kommunen skal følge opp planstrategien med endelig prioritering av når planoppgåvene skal gjerast og tildeling av ressursar.



Figur: Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet
Kjelde: Miljøverndepartementet sin rettleiar i planstrategi

Årshjulprosessen handlar om korleis arbeidet med dei ulike plandokument og prosessar skal fasast inn i høve til kvarandre. Dette kan vere i forhold til ulike rapporteringar og i forhold til politisk behandling gjennom kalenderåret. Hensikta er å sikre at ulike prosessar blir gjennomført effektivt og til rett tid.

1.5 KJELDER

I tillegg til å ha gått gjennom ei rekke skriftlege kjelder og statistikk mv (sjå oversyn i eige vedlegg), er det gjennomført:

- Dialogmøte med Kontrollutvalet
- Møte med kontrollutvalssekretariat
- Intervju med leiinga i kommunen

- Spørjeundersøking til formannskap/komiteleiarar
- Spørjeundersøking til einingsleiarar/andre leiarar

2 KORT OM ÅLESUND KOMMUNE

Det var 66 273 innbyggjarar i Ålesund kommune 1.1.2020.


På heimesida til kommunen er det delt i følgande tenesteområde:

- Barnehage og skole
- Kultur, idrett og fritid
- Helse og omsorg
- Plan, bygg og eigedom
- Veg, vatn og avløp
- Nærings og skatt
- Samfunnsutvikling

SSB har følgande oversikt over korleis utgiftene i Ålesund kommune fordeler seg på nokre utvalde område:

Gamle Ålesund:

Utgifter etter utvalgte områder. 2019



Der ligg ikkje tilsvarande for Haram, Sandøy, Skodje og Ørskog, men dette viser om lag andelen for områda.

2.1 POLITISK ORGANISERING

Kommunestyret er det øvste vedtaksorganet i kommunen.

Alle politikarane i kommunestyret er medlemmer i ein komité. Komitéane kan ikkje gjere endelige vedtak, men behandlar saker på sitt saksfelt og innstiller til vedtak i kommunestyret. Ålesund blir også styrt gjennom formannskap, planutval, kommunedelutval og ulike råd.




Figur: Organisasjonskart for Ålesund kommune, politisk

Formannskapet er det nest øvste kommunale organet. Det treff vedtak på vegne av kommunen i dei tilfelle mynde er lagt til kommunen og det i lov eller delegeringsvedtak i kommunestyret ikkje er lagt til anna organ.

Formannskapet innstiller til kommunestyret i alle saker der ikkje innstillingmynde er lagt til andre organ.

2.2 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Ålesund kommune er organisert med to administrative styringsnivå. På styringsnivå 1 er det kommunedirektør, stabsområder og 6 kommunalområder (med fagstab). På styringsnivå 2 er verksemdene på dei 6 kommunalområda.



Figur: Tjenesteområder og organisasjonskart Ålesund kommune

Kilde: www.alesund.kommune.no, utskrift 24.01.2020

2.3 ØKONOMI OG ØKONOMISKE NØKKELTAL

KOSTRA (KOmmune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt saman for å gi relevant informasjon til styrande organ både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gi betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og mellom anna gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd.

Under følger nokre tabellar med nøkkeltal henta frå KOSTRA.

	Haram 2019	Ørskog 2019	Skodje 2019	Sandøy 2019	Ålesund 2019	Landet utan Oslo 2019
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	-1,6	-6,6	-2,2	-5,1	-2,3	1,5
Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	3,4	-2,7	0	3,3	-1	1,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	84,2	7,1	29,4	61,2	17	20,6
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	75,7		84,1	54,3	48
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	166,2	194,5	113,5	213	128,5	111
Frie inntekter per innbygger (kr)	56 397	64 145	56 933	79 873	53 286	57 316
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	4	-2,5	10,7	19,2	-0,3	12
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	52,8	19,6	19,1	31	10	16,2
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)	74,5	24,6	105,1	58	11,1	33,8

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som mål på kommunen sin handlefridom, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi rår til at nivået på driftsresultatet bør vere 1,75 % av brutto driftsinntekter over tid samla for kommunal sektor. I 2019 hadde alle dei 5 tidlegare kommunane negativt netto driftsresultat, og gjennomsnittet var -3,6%. Dersom ein vektar gjennomsnittet til tal på innbyggjarar 31.12.19, var det -2,4%. Tilsvarande tal for landet utan Oslo var 1,5%.

Gjennomsnittleg netto driftsresultat dei 5 siste år har vore:

	2015	2016	2017	2018	2019	Gj.sn.
Ålesund	1,8	2,1	5,1	0,9	-2,3	1,52
Ørskog	-2,6	0,3	2,2	-1,9	-6,6	-1,72
Skodje	1,9	3,5	3,8	3	-2,2	2
Haram	0,1	0,3	2	-0,4	-1,6	0,08
Sandøy	-2,5	1,5	2,6	-1,6	-5,1	-1,02

Dette gir eit gjennomsnitt på 0,2%, men dersom ein på same måte som over vekter dette etter tal på innbyggjarar 31.12.2019 blir gjennomsnittet 1,2%.

Det er krav i ny kommunelov om at kommunane skal vedta eigne finansielle måltall. Ålesund kommune gjorde følgjande vedtak i samband med budsjettvedtaket for 2020:

Ålesund kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretake over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal: · Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter. · Netto lånegjeld skal ikkje overstige 75 % av brutto driftsinntekter. · Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 5 % av brutto driftsinntekter.

Ein kan setje resultata i 2019 opp mot måltala i ein tabell:

	MÅLTAL	Ålesund	Ørskog	Skodje	Haram	Sandøy	Gj.sn.	Vekta gj.sn.
Disposisjonsfond	5 %	0,8 %	0,20 %	10,70 %	0,80 %	15,90 %	5,68 %	1,77 %
Netto lånegjeld	75 %	93,4 %	157,20 %	87,90 %	112,70 %	165,90 %	123,42 %	99,22 %
Netto driftstresultat	1,75 %	-2,3 %	-6,6 %	-2,2 %	-1,6 %	-5,1 %	-3,56 %	-2,39 %

Finansreglement for Ålesund kommune er vedteke 12.12.2019. Det er i all hovudsak bygd på Haram kommune sitt tidlegare reglement som vart vedteke rett før som følge av krav frå Fylkesmannen.

I vår uttale til reglementet skreiv vi følgande:

«Vi har fått opplyst at det i løpet av neste år vil bli en ny gjennomgang av dette reglementet (som nå er basert på gjeldende reglement en av de tidligere kommunene i nye Ålesund). Dette er etter vår vurdering fornuftig, og da bl.a. med en grundig gjennomgang overfor kommunestyret da det er det enkelte kommunestyre som selv gjennom fastsettelsen av finansreglementet tar nærmere stilling til hva som er tilfredsstillende avkastning og vesentlig finansiell risiko.»

Vidare:

«Vi har mottatt utkast til rutiner som vil være midlertidig gjeldende. Disse er også basert på tidligere rutiner i en av kommunene. Vi har ikke vurdert disse rutinene nå, men vil gjøre det når ny gjennomgang av reglementet gjøres i løpet av 2020.»

Finansreglementet som er vedtatt vart lagt fram utan særleg saksutgreiing. Vår vurdering er framleis at det er viktig at reglementet blir lagt fram til ny handsaming i kommunestyret med ei grundig saksutgreiing der det mellom anna blir gjort greie for kva som ligg i dei finansielle risikoane det er lagt opp til.

På same måte vart økonomireglementet etter vår vurdering relativt raskt handsama.

I svara på vår spørjeundersøking til formannskap/komiteleiarar vart den økonomiske situasjonen for kommunen framheva som den største utfordringa framover.

I spørjeundersøkinga til verksemdleiarar/adm. leiing var det og den økonomiske situasjonen i høve til å ha forsvarlig drift, som var det som vart nemnt mest som den største utfordringa.

Det kan vidare leggjast til at budsjettprosess/økonomistyring og aktiva i balansen var område som kontrollutvalet framheva i sitt møte 22.05. som aktuelle å sjå nærmere på.

3 KOMMUNALE TENESTER – SEKTOROVERGRIPANDE OMRÅDE

3.1 INTERN KONTROLL OG SYSTEM FOR AVVIK

Innhaldet i den interne kontrollen i kommunane er løfta fram i kommunelova (2018) kapittel 25. I tillegg til dei generelle krava om internkontroll, er det krav om internkontroll på ei rekke særlovområde, både på tvers av sektorar og for dei ulike tenesteområda i kommunen, f.eks. arbeidsmiljølova, personopplysingslova, opplæringslova, barnevernlova, helse- og omsorgstenestelova og sosialtenestelova.

Kommunen har i sommar starta å bruke ny utgåve av kvalitets- og avvikssystemet Compilo. Gamle Ålesund kommune nyttar dette systemet tidlegare i ei eldre utgåve. Det ligg ikkje inne mange prosedyrar, rutinar i det nye systemet enno.

I årsmeldinga for 2018 (gamle Ålesund kommune) gjekk det mellom anna fram følgande:

Sykehjem og legetjenester

- Alle virksomhetslederne har gjennomført ROS-analyse på deler av virksomheten i samarbeid med beredskapsleder

Undervisning annet

- Arbeid med internkontroll og kvalitet er et prioritert område.
- PPT skal starte på LEAN-prosess for grunnskole.
- PPT har utarbeidet ROS-analyse (risiko- og sårbarhetsanalyse) i 2018. Virksomheten skal utarbeide ROS-analyse i 2019 knyttet til nytt fagsystem i tråd med GDPR (personvern)-reglene som medfører endringer knyttet til datalagring og sikkerhet.

Hjemmetjenester

- Arbeidet med å gjennomføre en overordnet ROS-analyse for Ålesund kommune ble påbegynt i 2016. Det er et mål at alle virksomheter og team gjennomfører ROS-analyse og reviderer disse årlig.
- Tre av de fem virksomhetene i virksomhetsområdet oppgir at de har gjort dette i 2018

Helse- og sosiale tjenester

- Virksomhetene har innarbeidet rutiner for internkontroll og i 2018 benytter 3 av 4 virksomheter COMILO, med hensyn til prosedyrer og avviksmelding. NAV benytter verktøy for internkontroll for statlig del.
- Det er ikke levert ROS-analyser i DSB-Cim i 2018, og det må iverksettes tiltak for å sikre bruk av verktøyet i 2019. Virksomhetene bruker imidlertid flere andre typer skjema per i dag når ROS-analyse gjennomføres. ROS analyse er utført i forbindelse med tilsyn fra arbeidstilsynet i barnevern, og tilsvarende vil bli gjennomført ved helsestasjon og i ressursbasen i 2019.

I årsmelding for 2019 for gamle Ålesund kommune blir det m.a. og rapportert på tal på avvik innafor tenesteområda siste året. Fokus på avviksregistrering er bra då det vil krevje oppfølging ved at avvik skal bli lukka.

I spørjeundersøkinga til leiarar i kommunen kom det fram at ein var i startfase med nytt kvalitets- og avvikssystem.

Kontrollutvalet framheva mellom anna budsjettprosess/økonomistyring som eit aktuelt tema å sjå nærrare på. I spørjeundersøkinga til formannskap/komiteleiarar var det flest som peika på Intern kontroll og avvikssystem som sektorovergripande område der kommunen har størst utfordringar.

RISIKOVURDERING INTERNKONTROLL OG AVVIKSSYSTEM

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreffer	Konsekvens om risiko inntreffer	S	K	V
Internkontrollen er ikkje tilfredsstillande	Overordna rutinar skal ligge i kvalitetssystemet og er tilgjengelig for tilsette. Framleis ein del rutinar som ikkje er lagt inn. Er i ferd med å nytte Framsikt meir og meir. Vanskeleg å vurdere i oppstarten.	Innbyggjarane kan få for dårlige tenester eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svekka omdøme.	M	M	
Avvikssystem er ikke tilfredsstillende	Har starta med oppdatert Compilo. Vanskeleg å vurdere i oppstarten.	Feil blir ikkje retta. Kommunen lærer ikkje av sine feil.	M	M	

3.2 OPENHEIT OG INNSYN

Openheit og innsyn er sentrale føresetnadar for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine regler om møteoffentlegheit skal legge til rette for at kommunane si verksemeld er open og gjennomsiktig. På den måten blir informasjons- og ytringsfridomen, den demokratiske deltakinga, rettssikkerheita for den enkelte og allmenta sin kontroll sikra.

Alle sakspapir til politiske møte (med vedlegg) kan hentast lett ut. Det ligg også dokument tilgjengeleg tilbake i tid for dei tidlegare kommunane.

Heimeside til kommunen er utforma noko annleis enn tidlegare. Kontaktinformasjon ved behov for tenester og ved behov for kontakt med politikarar eller andre er etter vår vurdering relativt lett tilgjengeleg.

Postliste er også tilgjengeleg på nett, og her kan ein også søke etter dokument. Dokument som er offentlege ligg opne for innbyggjarane. På rådhuset er det i tillegg service-kontor som kan gi publikumstenester ved betjent skranke og sentralbord.

På forbrukarrådet sin kommunetest fekk dei tidlegare kommunane følgande plasseringar i 2019:

- Skodje 97. plass med 59,0 poeng
- Haram 168. plass med 54,5 poeng
- Ørskog 221. plass med 50,9 poeng
- Ålesund 234. plass med 50,2 poeng
- Sandøy 240.plass med 49,9 poeng

Dette er ein test på kor gode kommunane er til å hjelpe folk som har spørsmål om ulike kommunale tenester.

«Pressens offentlighetsutvalg» utarbeidde i 2018 ein openheitsindeks for norske kommunar. Undersøkinga baserte seg delvis på korleis eit krav om innsyn vart handtert, og delvis på kor tilgjengeleg viktig informasjon var kommunane sine heimesider og delvis på eit spørjeskjema til kommunane sjølv. Kommunane plasserte seg slik:

- Haram 137. plass med 15 poeng
- Ørskog 137. plass med 15 poeng
- Sandøy 137. plass med 15 poeng
- Skodje 227. plass med 12,5 poeng
- Ålesund 323. plass med 9,5 poeng

Det som mellom anna gjorde at Ålesund kommune kom så langt ned var at kommunen brukte meir enn 8 dagar på å handsame innsynskravet, politikarar var ikkje registrert i styrevervregister, journalpostar vart fjerne etter 3-5 mnd, kommunale føretak var ikkje med på postliste og la sjølve ikkje ut postliste.

RISIKOVURDERING OPENHET OG INNSYN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Publikum blir ikkje gitt innsyn i dokument.	Postliste og politiske saker er tilgjengelege på kommunen si heimeside. Ikkje veldig god score samanlikna med andre.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei har krav på. Pressen blir hindra i sitt arbeid. Kommunen kan få svekka omdøme.	M	L	
Publikum finn ikkje fram det dei treng om tenestetilbod	Kontaktinfo, vakttelefonar og søknadsskjema mv. ligg på heimesida. Det er innbyggjartorg i alle dei tidlegare kommunane.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei treng. Tenester kan bli forseinka. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	H	

3.3 ARKIV OG DOKUMENTASJON

Ei gjennomsiktig forvalting og innsyn i prosessar og dokument, er ein føresetnad for offentleg diskusjon og dermed for demokratiet. Offentlege organ har plikt til å føre journal mtp den allmenne innsynsretten. Myndigheter og publikum skal vite at all korrespondanse blir registrert, og at den dermed kan bli spora og overprøvd.

Kommunar og offentlige organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet. I tillegg har arkiva ei samfunnsbetyding for demokratisk aktivitet, forsking og kulturell verksemd. Ein fungerande postjournal og arkivordning er ein grunnleggande føresetnad for å ivareta dette.

Nye Ålesund kommune nyttar Acos Websak som saks- og arkivsystem, og arkivplan er under utarbeiding². I arkivplanen går det fram rutinar, arkivorganisering, lover/forskrifter mv. Det er framleis oppdateringar som står at.

Tidlegare var det eit krav i forskrift om restansekontroll/ta ut restanselister 4 gonger i året. Restanseliste er eit oversyn over dokument i sak-/ arkivsystemet som ikkje er avskrivne med f.eks. brev ut, til etterretning e.l. Dette er ikkje lenger eit krav i forskrift, men det er viktig at det blir følgt

² <https://alesund.arkivplan.no/>

opp på ein god måte. I Ålesund er planen at dette skal gjerast kvart kvartal, og rapportere til leiinga restansar over 1 mnd. I tillegg har verksemdleiarane ansvar for å følgje dette opp kontinuerleg.

Fleire eksterne forvaltningsorgan fører tilsyn med Ålesund kommune. På arkivområdet blir dette gjort av arkivverket. Arkivverket har gitt kommunen varsel om tilsyn i løpet av 2020.

RISIKOVURDERING ARKIV OG DOKUMENTASJON

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arkivering er ikkje tilfredsstillande	Kommunen har arkivsystem som er i tråd med lovkrav. Arkivplan er under opparbeidning. Det vil bli gjennomført tilsyn frå arkivverket i år.	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	
Det blir ikkje gjennomført restansekontroll	Det ligg føre rutinar for restansekontroll.	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	

3.4 DIGITALISERING

Digitalisering i offentleg sektor skal bidra til å auke kvaliteten på og effektiviteten i offentleg tenesteyting. Stortinget har eit mål om digitalt førsteveal. Dette inneber at nettbaserte tenester skal vere hovudregelen i forvaltninga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Ettersom kommunane er ein betydeleg leverandør av offentlege tenester er digitalisering av kommunale tenester avgjerande for å nå målet om et digitalt førsteveal. (Meld. St. 27 (2015-2016)).

Det ligg ei rekke søknadsskjema digitalt tilgjengelege på kommune si heimeside.

Kommunen er m.a. med i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet i regi av Helsedirektoratet, Direktoratet for e-helse og KS. Vidare er det inngått avtale med NTNU om samarbeid om smart helse og velferd. Det er m.a. innført nye velferdsteknologiske løysingar.

Kommunen har ein eigenstab for Teknologi og innovasjon som består av:

- Framtidssenter
- IKT-drift
- Dokumentsenteret
- Informasjonssikringsansvarleg

Omstilling gjennom digitalisering skapar behov for opplæring. Ein stram kommuneøkonomi kan medføre reduserte kursbudsjett. Dette kan igjen medføre at ein ikkje klarar å ta ut alle gevinstar.

I årsmelding 2019 for gamle Ålesund kommune gjekk det fram følgande om for høg drift:

Den bakenforliggende årsaken er at etterspørselet etter kommunens tjenester stiger, og at omstillingen til bruk av ny teknologi og kostnadsbesparende løsninger ikke går hurtig nok.

RISIKOVURDERING DIGITALISERING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen gjer ikkje nytte av dei mulighetene som digitalisering gir.	Det er fokus på digitalisering. Eit felt i rask utvikling.	Sakshandsaming tek lang tid. Kommune driv ikkje effektivt. Kan gi svekka omdøme.	M	M	

3.5 SAKSHANDSAMING

Forvaltningsloven inneheld reglar om korleis offentlege myndigheter skal handsame saker. Dette er viktige regler fordi dei gjeld den enkelte sin rett til å få handsama sine saker av offentlege myndigheter på ein forsvarleg og riktig måte. Lova inneheld reglar om sakshandsaming og sakshandsamingstid, om forvaltninga si rettleiingsplikt, om møter, om forvaltninga si plikt til å skrive ned opplysningar og om å bruke fullmektig eller advokat.

Det er ikkje lagt inn retningslinjer i Comilo på sakshandsamingsrutinar, men vi forstår det slik at det er i ferd med å bli gjort.

Tal på klagesaker kan seie noko om kvaliteten på sakshandsaminga. Ein gjennomgang i KOSTRA av klager i samband med byggesøknader og planer, viser at tal på klager ikkje såg ut til å skilje seg ut i 2019. I svara på spørjeundersøkinga til einingsleiarane går det og fram at det ikkje er eit stor omfang av klager i kommunen.

Dette er eit felt som er vanskeleg å vurdere inntil ein har fått gjennomført nokre tertiærrapporteringar, rapportering på gjennomføring av status på politiske vedtak mv.

I svara på undersøkinga til formannskap vart Sakshandsaming det området som etter Intern kontroll og avvikssystem vart peika på som det sektorovergripande området der ein meinte at kommunen hadde størst utfordringar.

RISIKOVURDERING SAKSHANDSAMING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Saksbehandling er ikkje tilfredsstillande.	Vanskeleg å vurdere no. Peika på som eit område med utfordringar	Innbyggjarane kan få for dårlige tenester, eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svake omdøme.	M	M	

3.6 OFFENTLEGE INNKJØP

Offentlig sektor bruker over 500 mrd kroner kvart år på innkjøp. Dette er midlar som oppdragsgjevarane skal nytte på best mogleg måte for å oppfylle sitt samfunnsoppdrag. Det er potensial for å effektivisere offentlege innkjøp, for å oppnå lågare transaksjonskostnad, betre priser og betre behovsdekning. Samstundes skal offentlege innkjøp også bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver knytt til m.a. klima og kamp mot arbeidslivskriminalitet. Å gjennomføre gode innkjøpe som er i tråd med desse forventningane, er krevjande. Dette krev at ein må profesjonalisere innkjøpa gjennom mellom anna økt satsing på kompetanse, betre styring, leiing og organisering.

Offentlige innkjøp er på grunn av sitt omfang eit viktig strategisk verkemiddel i kampen mot arbeidslivskriminalitet. Offentlige innkjøperar har eit samfunnsansvar, og skal derfor stille krav til lønns- og arbeidsvilkår. Dette bidreg til å sikre arbeidsvilkåra for dei som til dømes bygg skular og sjukeheimar eller yter reinhaldstenester for det offentlige. (Difi).

Ålesund kommune har hatt følgande saker til handsaming i KOFA dei fire siste åra:

2018/167 (Rådgjevande sak) – Klage på kjøp av konsulentteneste i samband med utbygging av vegstrekning i kommunen.

Konklusjon:

- *Ålesund kommune har ved tildelingsevalueringen brutt kravet til forutberegnelighet og etterprøvbarhet i lov om offentlige anskaffelser § 4.*

2017/186 (Rådgjevande sak) – Klage på rammeavtale stasjonære og berbare datamaskiner.

Konklusjon:

- *Ålesund kommune har ikke brutt regelverket for offentlige anskaffelser.*

2017/159 (Rådgjevande sak) – Klage på kjøp av diverse tenester i samband med graving og massetransport Bingsa.

Konklusjon:

- *Ålesund kommune har foretatt en ulovlig direkte anskaffelse ved kjøp av hjullaster- og gravemaskinkapasitet i forbindelse med forsinket levering av en papir-, papp- og plastpresse.*
Ålesund kommune har foretatt ulovlige direkte anskaffelser ved kjøp av avfallstjenester.

2016/70 (Prioritert rådgjevande sak) – Klage på kjøp av rådgjeving innen byggtekniske anlegg.

Konklusjon:

- *Ettersom sekretariatet har funnet at klagen klart ikke kan føre fram, avvises den som uhensiktsmessig for behandling i klagenemnda, jf. klagenemndforskriften § 9.*

Haram kommune hadde ein sak i 2016 som gjaldt leige av lokaler der konklusjonen var:

- *Haram kommune vil bryte regelverket for offentlige anskaffelser dersom det inngås kontrakt med valgte leverandør*

Saka vart politisk handsama og vurdert før ein gjorde vedtak om å gå vidare.

Ørskog kommune hadde to rådgjevande saker i 2016 om bygg- og anlegganskaffingar. KOFA konkluderte i begge tilfella med at det ikkje var brot på regelverket.

Sandøy og Skodje kommunar ser ikkje ut til å ha hatt saker i KOFA dei siste 4 åra.

Innkjøpsområdet er omfattande og komplisert. På internområdet for innkjøpsavtaler i Ålesund går det fram at det ligg føre 165 forskjellige avtaler med 141 leverandører. Kommunen har over tid bygd opp ei stor innkjøpsavdeling som også yter tenester til andre kommunar gjennom eit innkjøps-samarbeid.

Kommunen har etablert rutinar på intern kontroll av fakturaer over ein viss storleik.

Kommunestyret vedtok 07.mai 2020 innkjøpsstrategi 2020-2024. Det går fram 5 mål i denne planen:

- Kommune skal organisere seg slik at vedtatt innkjøpsstrategi, blir forankra og blir etterlevd i alt innkjøpsarbeid i kommunen
- Innkjøpsprosessane i kommunen skal vere gjennomsiktige, digitale og skal kunne etterprøvast
- Innkjøpa til kommunen skal dekke relevante behov og ha riktig kvalitet
- Kommunen skal bidra til innovasjon og marknadsutvikling
- Innkjøpa til kommunen skal ta vare på samfunnsansvar

I strategien går det fram konkrete tiltak for å nå desse måla.

Innkjøp var eit av områda kontrollutvalet framheva som aktuelt å sjå nærare på.

RISIKOVURDERING OFFENTLEGE INNKJØP

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Innkjøpa blir ikkje gjort tilfredsstillande	Stor innkjøpsavdeling. Utarbeidd innkjøpsstrategi. Hatt saker i KOFA, og det har vore saker i media. Komplisert regelverk og stor organisasjon.	Mindre effektiv drift, økonomisk tap og misleg framferd. Svekka tillit og omdøme.	M	H	

3.7 OFFENTLEG STØTTE

EØS-avtalen sett skrankar for mulegheitene norske myndigheter har til å gi støtte til næringsverksemd. Regelverket om offentleg støtte er under rask utvikling og får stadig større gjennomslag både i Europa og i Norge. For å unngå unødvendige forseinkingar av planlagde støttetiltak, er det viktig med auka kunnskap om regelverket.

Vi har forstått det slik at fylkeskommunen frå og med 2020 ikkje skulle gi påfyll til dei kommunale næringsfonda, og det er lite omfang at støtte til næringsverksemd. Men i samband med COVID-19 er det likevel løyvd midlar til kommunale næringsfond, og kommunen er tildelt 4 mill. kroner. Det er utarbeidd eigen forskrift om korleis tildeling av desse midlane skal gjerast.

Kommunen vedtok i august 2020 nye retningslinjer for næringsfond.

I tillegg til direkte støtte må ein og vere merksam på dette regelverket dersom ein inngår kontraktar med for eksempel subsidiert husleige eller andre indirekte måtar støtte kan oppstå på. Til dømes er dette noko som (saman med innkjøpsregelverk) bør vurderast når kommunen inngår partnarskap med andre aktørar (private, offentlege mv.) som kan innebere forpliktingar gjennom garantiar, spleiselag, leigeutgifter eller liknande.

RISIKOVURDERING OFFENTLIG STØTTE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen gir ulovleg støtte.	Komplisert regelverk. Omfanget av støtte er ikkje nødvendigvis stort.	Urettferdig. Svekka omdøme.	M	M	

3.8 ETIKK OG VARSLING

Eitt av formåla med kommunelova er å legge til rette for tillitsskapande forvaltning som bygger på høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidspakten. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for alle avgjersler eller handlingar.

KS og Transparency International Norge (TI) rår til at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. KS og TI anbefaler at dei etiske retningslinene også blir gjort gjeldande for kommunale føretak. I årsmeldinga skal kommunen skal gjere greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre trygg kontroll og en høg etisk standard i verksemda og i kommunale føretak.

Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Arbeidsgjevar har plikt til å sette i verk tiltak for å legge til rette for intern varsling. KS og Arbeidstilsynet rår til at kommunane utarbeider skriftlige rutinar for dette.

Ålesund kommune vedtok 12.12.2019 Etisk standard for tilsette og folkevalde. 4 av dei 5 kommunane hadde tidlegare etiske retningslinjer. Etikk er omtala i dei 5 kommunane sine årsmeldingar:

Sandøy:

Sandøy kommune har etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette som vart vedteke i 2013. Desse skal hjelpe til større forståing og openheit og bidra til å hindre uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Retningslinene låg på heimesida og blir teke opp på leiar møte og personalmøte.

Haram:

Kommunen har eigne etiske retningslinjer som set premissar for utøving av mynde og tenester både for folkevalde og tilsette.

Skodje:

Etikken sitt formål er å stille spørsmål om korleis vi bør handle i gitte situasjonar. Det vart i prosjektperioden utarbeida ei etisk standard for nye Ålesund kommune og representantar frå alle dei fem kommunane deltok i dette arbeidet

Etisk standard skal bidra til etisk forsvarleg åtferd, og må sjåast i samanheng med kommunen sin visjon og verdiar. Å halde ein høg etisk standard krev mellom anna at vi reflekterer over på kva grunnlag vi tek avgjerder, at vi er open, kommuniserer godt og har respekt for kvarandre. Eit godt grunnlag for høg etisk standard er å ha takhøgde til å ta opp kritikkverdige forhold

Ørskog:

Ørskog kommune har ikkje utarbeidd etiske retningslinjer som omfattar alle i organisasjonen, dvs. både tilsette og politikarar.

Ålesund:

Ålesund kommune er medlem av Transparency international Norge, og deltok bl.a. på medlemsmøte om antikorrupsjon i august 2019.

I 2019 har ansatte i Ålesund kommune bidratt til å utarbeide nytt verdigrunnlag og ny etisk standard for nye Ålesund kommune, som senere ble vedtatt av fellesnemnda og det nye kommunestyret

Det er innført varslingsordning med varslingsråd i kommunen. Det ligg eige skjema for varsling på heimesida, og både eksternt og interne kan varsle. Det går mellom anna fram at det kan varslast om korrrupsjon eller annan økonomisk kriminalitet. Jf. Kommunelova §24-7 skal revisor underrette

kontrollutvalet om eitkvar misleg forhold, og vi føreset difor å bli underretta med ein gong dersom kommunen sjølv gjennom varslingar eller på andre måtar avdekker dette.

RISIKOVURDERING ETIKK OG VARSLING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard.	Kommunen har etiske retningslinjer. 4 av dei 5 gamle kommunane hadde dette. Det vart omtala i alle årsmeldingane.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme.	L	M	
Det blir ikkje lagt til rette for varsling av misleg framferd mv.	Kommunen har prosedyrer og system for varsling.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme.	L	M	

3.9 PERSONVERN OG INFORMASJONSSIKKERHET

Personvern handlar om retten til privatliv i fred som er eit grunnleggande prinsipp i ein rettsstat. Idealet er at kvar einskild skal ha råderett over eigne personopplysningar. Ny lov om handsaming av personopplysningar (2018) gjennomfører EU si personvernforordning (GDPR) i Norge og gjer personvernforordninga til norsk lov.

Myndighetene si satsing på ein heildigital offentleg forvaltning fører til at informasjonssikkerheit og risikovurdering blir ein sentral del av arbeidet med IKT-system og verksemddprosesser. Personvernforordninga (GDPR) inneber at kommunar skal gjennomføre og dokumentere at tilsette har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit.

Hensikta med personellsikkerhet er å legge til rette for at tilsette og andre forstår sitt ansvar og er eigna for rolla dei har, slik at risiko for tap, driftsforstyrningar, svindel og misbruk blir redusert til eit akseptabelt nivå. Målet er å forhindre tilkomst til, skade på og forstyrring av lokalar, IKT-system og informasjon. Hensikta er å sikre integritet, tilgjengeleghet og konfidensialitet til informasjon som blir handsama for å løyse oppgåvane til verksemda, og til alle driftsmessige og systemmessige IKT leveransar.

Mange kommunar har ei handbok for informasjonssikkerheit. Denne kan bli integrert som eit kapittel i verksemda sine rutinar eller den kan stå for seg sjølv. I tillegg til ei handbok bør det vere overordna retningslinjer i form av ein «informasjonstryggleiksmonkey» for verksemda. (nettvert.no).

Ålesund kommune har personvernombod gjennom avtale med Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal (IKA). Kontaktinfo til vedkommande er lagt ut på heimesida til kommunen. Det er også lagt ut omfattande og god informasjon om handtering av personopplysningar i personverklæringa til kommunen.

Kommunen har vidare fått ein representant i den nasjonale personvernkommisjonen.

Arkivet kontrollerer postlista kvar morgon, og lista blir kontrollert av to arkivarar for å sjekke og rette opp eventuelle feil. Postlista blir offentleg etter to dagar.

I Compilo ligg det inne ei rekke prosedyrar, rutinar og informasjon om GDPR

RISIKOVURDERING PERSONVERN OG INFORMASJONSSIKKERHET

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Informasjonstryggleiken er ikke tilfredsstillende	Personvernombod i regi av IKA som arbeider aktivt og fører tilsyn. Komplisert fagfelt i rask utvikling der det stadig er truslar mot datasystem.	Sensitive opplysninger for innbyggjarar eller viktige opplysningar for kommunen kan bli spreidd til ivedkomande	M	M	

3.10 ARBEIDSMILJØ

Tilhøva på ein arbeidsplass kan innehalde både oppbyggande og nedbrytande arbeidsmiljø-faktorar. Desse arbeidsmiljøfaktorane bør bli vurdert både enkeltvis og samla med utgangspunkt i mulige innverknader på arbeidstakarens fysiske og psykiske helse og velferd.

Vurdering av arbeidsmiljø er delvis ei subjektiv vurdering. Det er den enkelte si oppleving av eigen arbeidssituasjon som ligg til grunn. Det som er akseptabelt for nokre kan vere uakseptabelt for andre. Derfor behøver ikkje eit arbeidsmiljø vere kollektivt godt/dårlig, sjølv om det for enkelte kan bli opplevd som akseptabelt/uakseptabelt.

Det fins ei rekke lovfesta krav til arbeidsmiljøet, jf. lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv (arbeidsmiljølova).

Både arbeidsgjevar og arbeidstakar har interesse av at arbeidsplassen er helsefremmande. Friske og motiverte medarbeidarar er ein nøkkelfaktor i gode og effektive bedrifter. For den enkelte betyr ein helsefremmande arbeidsplass betre livskvalitet gjennom økt jobbtilfredsheit og færre jobbrelaterte helseplager.

KS sin statistikk³ viser at det ved utgangen av 3.kvartal 2018 og 2019 var eit årleg samla sjukefråvær⁴:

	Sjukefråver 2018	Sjukefråver 2019
Ålesund	9,52 %	
Haram	9,77 %	10,62 %
Skodje	11,10 %	9,54 %
Ørskog	9,41 %	7,97 %
Sandøy	10,56 %	9,24 %

Talet for andre kommunar var i gjennomsnitt 9,8% ved utgangen av 3.kvartal 2019.

Kommunen er med i IA-avtalen med målsetting om reduksjon i sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet.

I 2018/19 vart det gjennomført forvaltningsrevisjon «Arbeidsmiljø i Sandøy kommune». Tilrådingar i rapporten var:

³ <https://www.ks.no/fravarstall>

⁴ Det ligg ikkje inne tal for gamle Ålesund

- *Arbeidstakarane bør få informasjon om at dei kan kontakte AMU ved behov for hjelpe i arbeidsmiljøet.*
- *Årsrapportar om arbeidet i AMU bør sendast til dei tillitsvalde.*
- *Sakslistene til møta i AMU bør ha meir fokus på vernetenesta, arbeidsmiljø og HMS. Orienteringssaker som ikkje vedkjem dette bør i staden takast opp i leiar møta.*
- *Kommunen bør oppdatere informasjonen om verneomboda, både ved oppslag på arbeidsplassen og i kommunen sitt kvalitetssystem. Leiarane bør med jamne mellomrom oppmode dei tilsette til å lese denne informasjonen. Nye arbeidstakarar bør spesielt informerast om kven som er verneombod og kva dei kan hjelpe med.*
- *Rådmannen bør oppmode verneomboda til å informere arbeidstakarane om kva dei kan hjelpe arbeidstakarane med.*
- *Rådmannen bør gi eit tydeleg signal til dei tilsette om kva som er rett tenesteveg å gå ved problem i arbeidsmiljøet.*
- *Rådmannen bør vurdere om det kan vere tenleg å krevje at alle verneomboda skal ha ein skrifteleg avtale med omsyn til retten til å forlate arbeidsplassen.*
- *Rådmannen bør sikre at alle einingsleiarane har ein god dialog med verneomboda, slik at verneomboda kan utøve dette vervet i tråd med dei føresetnadane som er gitt i regleverket. Ein viktig del av denne dialogen er å sikre at alle verneomboda har nok tid til vervet. Ein annan viktig del, er å sørge for at kommunikasjonen og tilliten er av ein slik art at alle verneomboda opplever det som enkelt å vere med å sørge for, og sjå til, at det er eit godt arbeidsmiljø i Sandøy kommune.*
- *Kven som er valt som hovudverneombod må kunngjerast ved oppslag i einingane.*
- *Kommunen og hovudverneombodet, bør arbeide for å få til eit betre samarbeid som gjer at arbeidstakarar og leiarar nyttar det verneombodet som er valt i si eining.*

I spørjeundersøkinga til einingsleiarar går det fram at rekruttering av rett kompetanse er utfordrande i enkelte sektorar/einingar.

Det blir opplyst om at ein gjennomfører medarbeidarsamtalar. Kommunen har bedriftshelseteneste og er del av avtale om inkluderande arbeidsliv.

Ein krevjande omstillingsprosess i samband med kommunesamanslåinga og til dømes diskusjonar om lokalisering mv. kan kanskje vere med på påverke sjukefråværet. I tillegg kan det vere utfordrande å slå saman fem kommunar der det sannsynlegvis har vore forskjellige kulturar og løysingar.

Arbeidsmiljø/HMS var eit av områda kontrollutvalet framheva som aktuelt å sjå nærare på.

RISIKOVURDERING ARBEIDSMILJØ

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arbeidsgjevar-ansvaret blir ikkje ivaretake på ein tilfredsstillande måte	Det blir gjennomført medarbeidarundersøkingar og samtaler. Kommunesamanslåing og omstilling kan vere krevjande. I enkelte sektorar er det vanskeleg å få tak i personell med rett kompetanse	Kommunen sitt omdøme som arbeidsgjevar kan bli svekka, noko som kan gjere rekruttering og å behalde medarbeidrar vanskelegare.	M	M	

3.11 SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunane å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap.

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta. Det er gjennomført følgjande tilsyn:

Ålesund – 2016 – i tillegg til to merknadar var det eitt avvik:

- Ålesund kommune manglar heilskapleg ROS analyse.

Sandøy – 2017/18 – i tillegg til tre merknadar var det eit avvik:

- Sandøy kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsigktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Ørskog – 2018 – to merknadar, men ingen avvik.

Haram – 2019 – i tillegg til ein merknad var det to avvik:

- Haram kommune manglar heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse
- Haram kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsigktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Skodje – 2018 - to merknadar, men ingen avvik.

Nye Ålesund kommune vedtok i kommunestyremøte 12.12.2019 heilskapleg Risiko og sårbarheitsanalyse. Kommunen har kriseteam som er ei tverrfagleg støtte- og rådgjevingsgruppe ved alvorlege ulukker og ekstraordinære kriser. Kommunen har også vedtatt Overordna administrativ beredskapsplan og det er oppretta eige beredskapsråd.

Beredskap innan smittevern har vore sett på prøve i år.

RISIKOVURDERING SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen ivaretek ikkje krav til samfunns-sikkerheit og beredskap.	Det ligg føre ROS-analyser og beredskapsplaner mv. Ansvar og oppgåver er bestemt.	Hendingar blir handtert på ein tilfeldig måte. Kommunen sitt omdøme kan bli svekka.	L	H	

4 KOMMUNALE TENESTER - SEKTORAR

4.1 BARNEHAGE

Barnehagen skal legge eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring. Målet er ein trygg barnehage med kvalifiserte og omsorgsfulle vaksne, ein barnehage der barna kan leike og lære.

Det er krav til kvalitet i barnehagen for at barn skal få ein god start og gode mulegheiter til å klare seg vidare i livet⁵. Retten til barnehageplass gjeld for alle barn som er født innan utgangen av november det året det blir søkt om barnehageplass. Barnehagane skal være tilgjengelige for alle barn og uavhengig av foreldra sin økonomi.

Rekneskapen for 2019 viser følgande budsjettavvik på barnehageområdet (tal i mill. kroner):

	Meirforbruk
Ørskog kommune	0,3
Haram kommune	1,3
Skodje kommune	0,5
Sandøy kommune	-0,7
Ålesund kommune	1,9
TOTALT	3,3

Det er eit stort innslag av private barnehagar i kommunen, og tilskot til private er avhengige av eigne driftsutgifter. I tillegg til tala i tabellen over vart det i Ålesund utbetalet 16 mill. kroner meir enn budsjettet til private barnehagar. På barnehagefakta.no går det fram at det er 63 barnehagar (i tillegg til fam.barnehage), og at 62% av desse er private. Det inneber at sunn økonomisk drift av kommunale barnehagar også er viktig mtp. storleik på utgifter til tilskot.

På barnehagefakta.no finn ein og informasjon om barn per tilsett, barn per barnehagelærer, dei tilsette si utdanning og foreldretilfredsheit. Foreldretilfredsheit hausten 2019 (maks 5,0 – gj.sn. 4,5) ligg inne for berre 7 av dei kommunale barnehagane og 21 av dei private.

Det blir og gitt informasjon om barnehagen oppfylte pedagognorma per 15.12.2019. Av dei private er det 19 som oppfyller norma utan dispensasjon, medan for dei kommunale er det 11. 1 privat og 1 kommunal barnehage oppfylte ikkje pedagognorma.

⁵ <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/innsikt/Rett-til-barnehageplass/id2344761/>

Det skal her og leggjast til at i spørjeundersøkinga til leiarar i barnehagane kom det fram at den utvida bemanningsnorma medførte auka planleggingstid, og at det som følgje av dette vart mindre bemanning på avdelingane.

Barnehagar (private)	Foreldre-tilfredsheit	Pedagognorm	Barnehagar (kommunale)	Foreldre-tilfredsheit	Pedagognorm
Slinningen barnehage SA	X	Oppfylt	Fagerlia	4,8	Oppfylt med disp.
Læringsverkst. Avd. Olsvika	4,6	Oppfylt med disp	Åsemulen	X	Oppfylt med disp.
Læringsverkst. Avd. Skogheim	4,4	Oppfylt	Harøy	X	Oppfylt
Gnist Høgvoll	4,6	Oppfylt	Stokke	X	Oppfylt med disp.
Lykkeleniten	X	Oppfylt	Storhaugen	X	Oppfylt
Klipra	X	Oppfylt	Fremmerholen	X	Oppfylt
Puskhula	4,6	Oppfylt med disp.	Tennfjord	4,4	Oppfylt
Lande Fus	4,5	Ikkje oppfylt	Hildre	X	Oppfylt med disp.
Læringsverkst. Blindheim	4,5	Oppfylt	Lepsøy	X	Oppfylt
Åsestranda	4,7	Oppfylt med disp.	Nørve	X	Oppfylt med disp.
Trollhaugen	X	Oppfylt med disp.	Søvik	X	Oppfylt
Læringsverkst. Avd. Åse	4,5	Oppfylt med disp.	Skarbøvik	X	Oppfylt
Longva	4,9	Ikkje oppfylt	Ratvikåsen	X	Oppfylt
Nlm Tryggheim Brattvåg	4,5	Oppfylt	Kvennaneset	X	Oppfylt med disp.
Skåthaugen	X	Oppfylt med disp.	Årøyhaugen	4,4	Ikkje oppfylt
Brattvåg	X	Oppfylt med disp.	Valle	3,9	Oppfylt med disp.
Askepott	X	Oppfylt med disp.	Lerstad	X	Oppfylt
Barnas hage Larsgård.	X	Oppfylt med disp.	Midtbyen	X	Oppfylt med disp.
Vegsund barnehage	X	Oppfylt	Skodje	3,8	Oppfylt med disp.
Utilegarden	X	Oppfylt med disp.	Haramsøy	X	Oppfylt med disp.
Plassebakken	4,6	Oppfylt	Stette	4,5	Oppfylt med disp.
Borgund Menighetsbh.	4,7	Oppfylt	Ellingsøy	X	Oppfylt
Torvteigen	X	Oppfylt med disp.	Rabbevågen	X	Oppfylt
Rudolf Steiner	4,6	Oppfylt	Prestemarka	4,1	Oppfylt med disp.
Brisk	X	Oppfylt			
Stokke Maritime Fus	4,4	Oppfylt			
Borgundveien	X	Oppfylt med disp.			
Gnist Hessa	4,8	Oppfylt med disp.			
Gnist Ratvika	4,6	Oppfylt			
Gnist Flisnes	4,7	Oppfylt med disp.			
Læringsverkst. Slotsvik	X	Oppfylt med disp.			
Veslefrikk	4,7	Oppfylt			
Tommeliten	4,4	Oppfylt			
Fjelltun	X	Oppfylt			
Jugendby	X	Oppfylt med disp.			
Ebbegården	4,7	Oppfylt			
Nlm Tryggheim Ålesund	4,7	Oppfylt med disp.			

Nlm Tryggheim Vatne	X	Oppfylt			
Heimdal	X	Oppfylt			

I KOSTRA går det fram at andel barnehagelærarar i høve til grunnbemanninga var om lag lik eller noko lågare i Ålesund, Haram, Skodje og Ørskog enn samanliknbare kommunar. I Sandøy var det litt høgare. Det går vidare fram i KOSTRA at andel barn 1-5 år som går i barnehage er litt høgare enn samanliknbare kommunar i alle dei tidlegare kommunane.

Andel barn i barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp ser ut til å vere ein del høgare i Ålesund og Ørskog i høve samanliknbare kommunar og landet utan Oslo. Eit aktuelt forvaltningsrevisjonsprosjekt kunne vore å sjå nærmare på vedtak/tildeling av ressursar til spes.pedagogisk hjelp.

RISIKOVURDERING BARNEHAGE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Barnehagane held ikkje økonomisk ramme	Barnehageområdet hadde eit meirforbruk i 2019. Stor andel private barnehagar som skal ha tilskot.	Barnehagane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i barnehagane er ikkje tilfredsstillande	Få tal på foreldretilfredsheit. Høgt tal på barn med spes.ped.hjelp. Mange barnehagar med dispensasjon frå pedagognorma.	Barna får ikkje eit kvalitativt godt nok tilbod	M	M	
Kommunen fyller ikkje opp krav om rett til barnehageplass	Barnehagedekninga ser ut til å vere god.	Barn får mindre pedagogisk, sosial og kulturell opplæring enn ønskeleg. Arbeidskraft blir ikkje utnyttta. Mindre tilflytting og vekst	L	M	

4.2 GRUNNSKULE

Det er eit mål at skulen skal ha høg kvalitet og gi den enkelte og samfunnet naudsynte føresetnader for framtidig velferd, verdiskaping og en berekraftig utvikling. Skulen skal bygge på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande skule. Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheter og oppleve mestring og utfordring i skulen. (Kjelde: regjeringen.no).

I kommunen er det 31 kommunale grunnskular – 20 barneskular, 7 ungdomsskular og 4 1.-10.-skular.

Fylkesmannen har m.a. gjennomført følgjande tilsyn:

Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skolemiljø (Spjelkavik ungdomsskole) - 2019

Konklusjon:

Fylkesmannen har ikke avdekt brudd på regelverket innenfor de områdene vi har ført tilsyn med.

Skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen (Blindheim Barneskole) – 2018.

Konklusjon:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fant at skolen gjør mange ting riktig innenfor området vi har undersøkt. Det er likevel korreksjonspunkt som må rettes opp. Vi fant noen mangler i skolens praksis når det gjelder skolens opplæring i fag og underveisvurdering for å øke elevens læringsutbytte

Spesialundervisning (Haram kommune – Brattvåg ungdomsskule) – 2018

Konklusjon:

Fylkesmannen konkluderte med at Haram kommune ved PP-tenesta og Brattvåg ungdomsskule oppfyller lovkrava på nokre av kontrollområda. Vi har funnet manglar på PP-tenesta sitt ansvar for å utarbeide sakkunnige vurderinger, skulen sitt ansvar for å gjere vedtak som oppfyller retten til spesialundervisning og skulens planlegging, gjennomføring og oppfølging av spesialundervisninga. Vi fann også manglar ved kommunen sitt forsvarlege system for å vurdere og følgje opp spesialundervisninga.

Grunnskulen sitt Informasjonssystem (GSI)⁶ samlar inn store mengder data om grunnskulen i Norge. Der ligg informasjon om: elevtal, årstimer, årsverk, spesialundervisning, språklege minoritetar, målform, framandspråk, fysisk aktivitet, leksehjelp, SFO, valfag og PPT. GSI for skuleåret 2019-2020 opplyser m.a. at 17% av undervisningspersonalet i gamle Haram kommune og 7% i gamle Skodje, ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetting. Dette er noko høgare enn tilsvarande i gjennomsnitt for landet (5%) og fylket (6%). I Ålesund er talet derimot 3% og både Ørskog og Sandøy står oppført med 0%.

Kommunen har utarbeidd den obligatoriske tilstandsrapporten jf. Opplæringslova §13-10, for skuleåret 2019-2020.. Det blir gjennomført årlege elevundersøkingar i 7. og 10.trinn. I gamle Ålesund og samla sett er det ikkje store avvik i høve andre kommunar på resultatet på læringsmiljø, men i enkelte av dei tidlegare kommunane ser ein at det er litt forskjellar. Det same biletet ser ein på resultata på dei nasjonale prøvene. Kommunen skriv i kvalitetsmeldinga at «forskjellene i resultater er nok større mellom skoler enn mellom de tidligere kommunene».

Rekneskapen for 2019 viser følgande budsjettavvik på skuleområdet:

	Meirforbruk
Ørskog kommune	2,7
Haram kommune	1,6
Skodje kommune	3,8
Sandøy kommune	0
Ålesund kommune ⁷	41,1
TOTALT	49,2

⁶ <https://www.gsi.udir.no/>

⁷ Skoler/SFO og Undervisning/Annet

I tillegg til dette blir det i årsmeldinga for Ålesund kommune opplyst om at det i 2019 var 17 mill. kroner i overskridinger knytt til skuleskyss, spesialundervisning, Newton-rommet, leirskule, underfinansiert lærarnorm m.v.

I spørjeundersøkinga til einingsleiarane kom det på dette området fram at dei i all hovudsak framheva økonomi, tilstrekkeleg personale, uforutsigbare rammer mv. som den største utfordringa i høve å nå målsetjingane.

Vaksenopplæringa har pr. august 2020 ca 660 personar som får opplæring, og ein forventar at talet vil stige i løpet av hausten. I tillegg til å dekkje eiga kommune blir det selt tenester til andre kommunar, NAV og private. Det er utarbeidd eiga kvalitetsmelding for Ålesund Vaksenopplæring. Det ligg ute informasjon om tenestene, lenker til påmelding og kontaktpunkt relativt lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

PPT meldte i spørjeundersøkinga at dei har for lite bemanning til å løyse lovpålagte oppgåver. KOSTRA-tala viser samstundes at det berre var Haram som hadde lågare andel elevar som fekk spesialundervisning enn samanliknbare kommunar. Når da Ålesund i tillegg har eit høgt tal på årstimer til spesialundervisning pr. elev med spesialundervisning inneberer det i praksis høgare utgifter enn samanliknbare kommunar. Kommunen opplyser i kvalitetsmeldinga at det er eit mål framover å redusere behovet for spesialundervisning.

Det kan leggjast til at Oppvekst var eit av områda kontrollutvalet framheva som aktuelt å sjå nærare på. Vidare kom det i spørjeundersøkinga til formannskap/komiteleiarar fram at Grunnskule (saman med Pleie/omsorg og Teknisk) var sektorar der ein meinte kommunen hadde størst utfordringar.

RISIKOVURDERING GRUNNSKULE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Skulane/området held ikkje økonomisk ramme	Stort samla meirforbruk i 2019.	Det blir brukt meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	H	M	
Kvaliteten i grunnopplæringa er ikkje tilfredsstillande, Spesialundervisning/tilret telagt opplæring eller PP tenesta fungerer ikkje tilstrekkeleg	Det blir utarbeida tilstandsrapport, og gjennomført elevundersøkingar. Resultat nasjonale prøver om lag likt snitt, men litt forskjellige resultat. PPT melder at dei har for lite bemanning. Omfanget av spesialundervisning er høgt, og ser ut til å ha vore høgt over tid.	Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte	M	M	
Kvaliteten i skulefritidsordninga (SFO) er ikkje tilfredsstillande	Ikkje funne noko som tilseier at ikkje brukarane får dei tenestene dei har krav på.	SFO-tilbodet er ikkje i samsvar med den betaling som blir kravd.	L	M	
Kvaliteten i vaksenopplæringa er ikkje tilfredsstillande	Eiga kvalitetsmelding. God informasjon på nettsida. Komplisert med samhandling med fleire einingar.	Svak utnytting av den enkelte sine evner og kan gjere integrering vanskelegare.	L	M	

4.3 HELSE

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege helsetenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

Alle som er busett i ei norsk kommune, har rett til å stå på liste hos ein fastlege. Vi har god ledgedekning med færre innbyggjarar per fastlege enn mange andre land. Statistikken viser at kommunane har lukkast med å rekruttere fleire fastleger enn befolkningsveksten tilseier, men arbeidsoppgåvene har blitt fleire for legene. (Kjelde: regjeringen.no)

KOSTRA-tal viser at andel heimebesøk utført at jordmor innan 3 døgn og 2 veker etter heimkomst frå fødeavdeling var noko ujamt fordelt mellom dei tidlegare kommunane. Det same gjeld avtalte årsverk av helsejukepleiarar og jordmødre i helhestasjon og skulehelsetenesta.

	Andel heimebesøk utført av jordmor innan 3 døgn etter heimkomst	Andel heimebesøk utført av jordmor innan 2 veker etter heimkomst	Avtalte årsverk helsejukepleiarar i helhestasjon og skulehelset. per 10000 innbyggj. 0-20 år	Avtalte årsverk jordmødre i helhestasjon og skulehelset. per 10000 innbyggj. 0-5 år
Ørskog kommune	31,6	105,3	17,7	0
Haram kommune	103,7	101,2	27,5	4,3
Skodje kommune	6,8	88,1	15,1	0
Sandøy kommune	77,8	77,8	44,3	0
Ålesund kommune	70,9	105,3	26,8	3,4
Møre og Romsdal	66,1	96,1	21	3,9
Landet utan Oslo	47,4	93,4	22,5	3,8

I KOSTRA går det vidare fram at det og er variasjonar på gj.sn.listelengde for fastlegane m.v.:

	Gj.sn. listelengde	Gj.sn. listelengde korrigert for kommunale timer	Andel pasientar på liste utan lege (prosent)	Andel kvinnelege legar
Ørskog kommune	916	916	0	33,3
Haram kommune	891	1 056	0	20
Skodje kommune	1 026	1 438	0	25
Sandøy kommune	1 186	1 186	0	0
Ålesund kommune	1 189	1 429	9,9	48,5
Møre og Romsdal	988	1 222	5,0	41,5
Landet utan Oslo	1 049	1 156	1,6	45,5

Det er ein relativ stor andel pasientar i gamle Ålesund som står på liste utan lege. Sjølv om andelen kvinnelege legar er relativt høg i gamle Ålesund, ser vi på helsernorge.no at det er relativt lang venteliste hos dei kvinnelege legane i Ålesund.

Innanfor Legetenester og akutt beredskap var det i gamle Ålesund kommune eit meirforbruk på 1,4 mill. kroner. I årsmeldinga blir det opplyst om at helhestasjonstenesta (saman med krisevern og barnevernvakt) gjekk i balanse i 2019.

I Haram var det eit meirforbruk på 8,5 mill. kroner i Helsetenester. Dette inkluderer og butenesta. I Skodje ser det ut til at det var eit lite meirforbruk på 0,3 mill. kroner, i Ørskog på 0,2 mill. kroner og i Sandøy ser det heller ikkje ut til å vere stort budsjettvikk.

RISIKOVURDERING HELSE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntraff	Konsekvens om risiko inntraff	S	K	V
Helsetenesta held ikkje økonomisk ramme	Litt meirforbruk i 2019. Usikkerheit rundt Covid19.	Helsetenesta brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i helsestasjonen er ikkje tilfredsstillande	Varierande tal på heimebesøk jordmor og varierande tal på helsejukepleiarar. Høge tal for dei to tidlegare største kommunane.	Mor og barn får ikkje dei førebyggjande helsetenestene dei har krav på.	M	M	
Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i skulehelsetenesta er ikkje tilfredsstillande	Har vore ein reform med øyremerka tilskot der tenesta i alle kommunar har blitt styrka. Ikke funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	L	M	
Fastlegedekninga i kommune er ikkje tilfredsstillande	Høg andel pasientar på liste utan lege. Relativt høg listelengde i gamle Ålesund og Skodje.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	M	M	

4.4 BARNEVERN

Barnevern har som hovudoppgåve å sikre barn og unge sine oppvekstvilkår.

Barnevernet skal beskytte barn mot omsorgssvikt og motverke at barn lider fysisk og psykisk overlast. Blir barnevernet kjent med slike forhold, har det ei lovbestemt plikt til straks å undersøke korleis barnet har det, og om nødvendig sette i verk tiltak. Jf. barnevernlova har barneverntenesta plikt til å gjennomgå ei melding snarast, og om nødvendig, gjennomføre ei nærmere undersøking seinast innan 3 mnd. Dersom det er naudsynt å sette i verk tiltak, skal dette bli gjort seinast 6 veker etter at undersøkinga er avslutta. Sidan lovgjeverane ser det som viktig at barna får hjelp i tide, kan kommunen få mulkt dersom fristane ikkje blir haldne.

Barnevernet sitt arbeid er ei blanding av støtte og kontroll. Det skal gi hjelp og støtte slik at heimen skal kunne makte sitt ansvar for oppdragning, men det har også plikt til å gripe inn dersom dette ikkje nyter. (Kjelde: regjeringen.no, Q-0801)

I 2018 vart det gjennomført forvaltningsrevisjon «*Gjennomgang av rutiner innen barnevern i Ålesund kommune*». Tilrådingar i rapporten var m.a.:

- Vurdere å angi et konkret krav til journalføring av vurderingen i alle saker om plassering familie eller nettverk, slik som er tilfellet ved godkjenning av fosterhjem.
- Vurdere å gjøre konkrete tiltak i forhold til problemstillingen høy turnover innen barnevernet i Ålesund kommune
- Vurdere å sørge for at barnevernet tar del i en fremtidig satsing på velfungerende og fremtidsrettede plattformer for informasjonsteknologi
- Sette inn tiltak for å øke antall tilsynsbesøk i fosterhjem gjennomført av eksternt kommune
- Sørge for å skaffe til veie god informasjon om status i tilsynsbesøkene som er i regi av andre kommuner

Det vil vere naturleg å gjere ei lita undersøking om tilrådingane i denne rapporten er følgde opp

I årsmeldinga til gamle Ålesund kommune for 2019 går det fram at det er ei dreiling i tenestene. Tal på meldingar går ned, og det har over tid vore nedgang i plasseringar både når det gjeld fosterheimar, hasteflyttingar og ungdom i institusjon. Det er eit fokus på førebyggjande tiltak i heimen.

I KOSTRA går det fram at tal på stillingar med fagutdanning pr. 1000 barn 0-17 år er noko lågare i gamle Ålesund (4,4) enn samanliknbare kommunar i kommunegruppe 13 (4,9).

I Ålesund er no barnevernetenesta organisert under Barn, familie og integrering. Barneverntenesta har to avdelingar (Ålesund og Brattvåg). I tillegg har verksemda eiga barnevernvakt som er ei interkommunal teneste for heile Sunnmøre. På heimesida til kommunen er det lett tilgjengeleg kontaktinfo og til dømes link til bekymringsmelding.

RISIKOVURDERING BARNEVERN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten i barnevernet er ikkje tilfredsstillande	Ikkje gjort funn som tilseier at ikkje brukarane får dei tenestene dei har krav på, men ei komplisert teneste og ein ny organisasjon skal sette seg.	Innbyggjarane får ikkje dei barnevernstestene dei har krav på.	M	H	

4.5 PLEIE OG OMSORG

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose.

Kommunane har ansvaret for utbygging, utforming og organisering av eit forsvarleg og godt tenestetilbod til den enkelte som har behov for pleie- og omsorgstenester. Staten har ansvar for å sikre kommunane gode rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer og ved å føre tilsyn. Staten skal vidare legge til rette for kommunal planlegging og utvikling i balansen mellom omsynet til eit likeverdig tenestetilbod til alle og tilpassing til lokale forhold og behov.

Omsorgstenestene må bli organisert slik at bruker så langt som mulig kan leve og bu sjølvstendig, og ha ein aktiv og meiningsfull tilvære i fellesskap med andre. Tenestene skal bli utforma i samråd med brukaren.

Kommunale helse- og omsorgstenester består i hovudsak av ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk bistand, opphold i institusjon, og tilbod om avlastningstiltak, støttekontakt og omsorgsløn. Som ein del av ordninga med praktisk bistand skal alle kommunar ha tilbod om Brukarstyrt personlig assistanse (BPA). Dette er ei alternativ organisering av praktisk bistand etter lov om sosiale tenester. Det er kommunen som avgjer om brukarane skal få organisert tenestene som BPA. Ordninga inneber at tenestemottakaren har eigne faste assisterar som han eller hun har arbeidsleiaransvar for.

Utover dette kan den enkelte kommune ha ordningar og tilbod spesielt tilpassa eigen kommune, som for eksempel matlevering og tryggleksalarm. (Kjelde: regjeringen.no)

Det vart i 2018 gjennomført Tilsyn med *Pasient- og brukerrettighetsloven* kap. 4 og 4A.
Det vart avdekt følgande lovbroter under tilsynet:

1. Ålesund kommune sikrer ikke at beboerne ved bokollektivene for personer med demens ikke holdes tilbake mot sin vilje.
2. Ålesund kommune sikrer ikke at ansatte har nødvendig kunnskap om begrepet samtykkekompetanse, samt konsekvensene av å ha / ikke ha dette.

Dei tiltak som kommunen sette i verk vart av Fylkesmannen vurdert til å vere tilstrekkelege.

Det vart vidare gjennomført tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming i Haram kommune 2017. Det vart avdekt følgande lovbroter under tilsynet:

1. Haram kommune sikrar ikkje forsvarleg gjennomføring av personleg assistanse til alle personar med utviklingshemming.
2. Haram kommune sikrar ikkje forsvarleg gjennomføring av legemiddelhandtering og at personalet har tilstrekkeleg kompetanse i å gjennomføre førstehjelp.

Dei tiltak som kommunen sette i verk vart av Fylkesmannen vurdert til å vere tilstrekkelege.

Det vart og gjennomfør ikkje-varsla tilsyn med vurdering av samtykkekompetanse og bruk av tvang i Haram kommune 2019. Det vart avdekt følgande lovbroter:

1. Haram kommune har ikkje system for at samtykkekompetanse til pasientane ved avdeling for demente blir vurdert
2. Haram kommune har ikkje system for at helsehjelp med tvang blir vurdert opp mot pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A ved avdeling for demente

KOSTRA-tal viser at det er eit relativt høgt tal på årsverk innan helse- og omsorg og ein relativt høg del av netto driftsutgifter til pleie og omsorg i Ålesund kommune. Dei gamle kommunane har ein litt varierande grad av andel som mottek heimetenester og som er bebuarar på sjukeheim.

Det går og fram i KOSTRA at alle dei 5 kommunane har hatt eit høgare tal for legetimar pr. veke pr. bebuar i institusjon enn kommunegruppe 13, fylket og landet utanom Oslo. Tilsvarande hadde både Sandøy og Ålesund eit høgare tal på fysioterapitimer, medan Ørskog, Skodje og Haram hadde eit relativt lågt tal.

I KOSTRA går det vidare fram at både gamle Ålesund og Ørskog hadde system for brukarundersøkingar både i heimetenesta og i institusjon. Av dei andre kommunane hadde Haram slikt system i heimetenesta.

Sjukeheimane i gamle Ålesund hadde i 2019 eit meirforbruk på 24,7 mill. kroner. Det var og eit meirforbruk i omsorgssektoren i Haram på 4,1 mill. kroner innanfor omsorgstenester. Det går ikkje fram i årsmeldinga fordeling av dette mellom heimebasert og institusjonar. Meirforbruket innanfor Helse- og omsorg i Skodje vart opplyst å ikkje gjelde sjukeheim. Det ser heller ikkje ut til å vere særleg meirbruk innan dette området i Sandøy, medan det i Ørskog var eit meirforbruk på 1,2 mill. kroner.

Kommunane fekk følgjande i refusjon for ressurskrevjande tenester i 2018 og 2019:

	2018	2019
Ålesund	82 mill. kroner	113,8 mill. kroner
Haram	13,9 mill. kroner	16 mill. kroner
Skodje	11,4 mill. kroner	11,9 mill. kroner
Ørskog	4 mill. kroner	3,5 mill. kroner
Sandøy	0,7 mill. kroner	0,3 mill. kroner

Endringar i brukarar kan gi store økonomiske utslag.

Heimetenesta i gamle Ålesund hadde eit meirforbruk på 4,4 mill. kroner i 2019. Dette er ikkje stort sett i forhold til omsetning og at det vart gjort ekstra lønskøyring i desember. Det var og eit meirforbrukt på 0,5 mill. kroner i Ørskog.

Hittil i 2020 ser det ikkje ut til at kommunen har hatt større utgifter til utskrivingsklare pasientar enn ein kan forvente av ein kommune av denne storleiken, kanskje heller tvert imot.

Bu- og miljøtenestene i gamle Ålesund hadde i 2019 eit meirforbruk på 19,2 mill. kroner, og det vart meldt om eit svært krevjande år med akutte og endra tenestebehov. Det var i hovudsak og meldt om meirforbruk i dei andre kommunane.

KOSTRA viser at tal på kommunalt disponerte bustader pr. 1000 innbyggjarar er om lag på same nivå som fylket, KOSTRA-gruppe 13 og landet utanom Oslo. Det kan sjå ut til at gamle Ålesund har ein lågare del av bustadane som er tilgjengelig for rullestolbrukarar enn andre. Med unntak av Ørskog har det dei siste åra vore ein reduksjon i tal på søkerarar som får avslag på communal bustad.

Av dei 5 gamle kommunane var det berre Ålesund som hadde ein aktiv bustadsosial handlingsplan. (2016-2025). Denne er følgt opp med revisjon i 2020 og det blir arbeidd med ein ny bustadsosial handlingsplan for heile kommune med siktemål om å vere styrande frå 2022.

I spørjeundersøkinga til formannskap/komiteleiarar fram at Pleie og omsorg (saman med Grunnskule og Teknisk) var sektorar der ein meinte kommunen hadde størst utfordringar.

RISIKOVURDERING PLEIE OG OMSORG

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Sjukeheim held ikkje økonomisk ramme	Meirforbruk i gamle Ålesund og Ørskog.	Sjukeheim brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kommunen er ikkje tilpassa samhandlingsreforma	Ser ut til å ha god kontroll på utskrivingsklare pasientar.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på. Kommunen kan få økonomiske tap.	L	M	
Kvaliteten i sjukeheim er ikkje tilfredsstillande	Ikkje funne noko som tilseier at ikkje brukarane får dei tenestene dei har krav på.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på.	L	H	
Heimetenestene held ikkje økonomisk ramme.	Ikkje like stort avvik som institusjon i 2019. Vil sjølv sagt avhenge av tildelte rammer.	Heimetenestene brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i heimetenesta er ikkje tilfredsstillande	Etablert brukarforum og brukarutvalg i gamle Ålesund. System for brukarundersøking.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i heimane dei har krav på.	L	H	
Bu, miljø, habilitering held ikkje økonomisk ramme	Meirforbruk i 2019.	Sjukeheim brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i tilbodet til funksjonshemma er ikkje tilfredsstillande	Ikkje gjort funn som tilseier at det ikkje blir gitt dei tenestene brukarane har krav på	Funksjonshemma innbyggjarar får ikkje den pleie og omsorg og hjelpe dei har krav på.	L	H	
Det er for få kommunale bustader	På nivå med samanliknbare kommunar. Tal på avslag har gått ned.	Dei som har behov for bustader kan få dårligare livskvalitet.	L	M	

4.6 PSYKISK HELSE OG RUS

Dette er eit svært omfattande område. Det kan nemnast i årsmeldinga til gamle Ålesund kommune gjekk det fram at

«Psykisk helse og rustiltak besto av psykisk helseteam, miljøterapeutisk team, ambulerende team rus, habiliteringsteam autismespekteforstyrrelser, fire samlokaliserte boliggrupper innen psykisk helse, en samlokalisert boliggruppe innen autismespekteforstyrrelser, boliger rehabilitering rus, akuttboliger, krisesenter for menn, dagtilbud innen psykisk helse, Rask psykisk helsehjelp, fengselshelsetjeneste, prosjekt Housing First, og oppfølging bostedsløse.»

Det vart vidare meldt om at det innan psykisk helse var ei markert auke av både brukarar og vedtakstimer i den opne omsorga.

KOSTRA-tala viser at gamle Ålesund hadde relativt høge utgifter til personar med rusproblem. Dei viser vidare at det er færre årsverk med vidareutdanning i rusarbeid pr. 10.000 innbyggjarar i Ålesund enn samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo. Sjølv om årsverk av psykatiske sjukepleiarar og personer med vidareutdanning i psykisk helse, var relativt høgt i Skodje, Ørskog og Sandøy, blir det meir enn motverka av låge tal i gamle Ålesund og Haram.

Dersom ein ser vidare i KOSTRA finn ein at det er ein relativt stor andel nyinnflytta (tildelt bustad) i gamle Ålesund med psykiske problem og stor andel rusmiddelmisbrukarar med psykiske lidingar som har fått tildelt bustad for første gong, og at det har vore slik over tid.

Kommunen har akkurat vedtatt alkoholpolitiske retningsliner, men det ligg ikkje føre ruspolitisk handlingsplan e.l.

RISIKOVURDERING PSYKISK HELSE OG RUS

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten ved kommunale tenester innan psykisk helse og rus er ikkje tilfredsstillande	Det blir gitt eit omfattande tenestetilbod, og det ser ut til å vere aukande behov. Manglar heilekapleg ruspolitisk handlingsplan. Ikkje gjort funn som tilseier at brukarane ikkje får dei tenestene dei har krav på.	Innbyggjarar med behov får ikkje den hjelpa dei har krav på.	M	M	

4.7 NAV - SOSIALTENESTA

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege sosialtenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

NAV skal bidra til å skape eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv og ein godt fungerande arbeidsmarknad. Etaten skal ivareta behova til vanskelegstilte grupper og kjempe mot fattigdom, m.a. ved å stimulere til arbeid og deltaking. Etaten har også ansvar for å sikre inntekt ved arbeidsløyse, svangerskap og fødsel, aleineomsorg for barn, sjukdom og skade, uførhet, alderdom og dødsfall. (Kjelde: regjeringen.no)

Det vart i 2017 gjennomført

Tilsyn med sosiale tjenester i Arbeids- og velferdsforvaltningen i Ålesund kommune med fokus på tjenester til personer mellom 17 og 23 år.

Det vart avdekt eit avvik:

Ledelsen har ikke, gjennom tilstrekkelig styring og ledelse, sørget for at økonomisk stønad til personer mellom 17 og 23 år er tilgjengelig, og at tildeling og oppfølging er itråd med lovverket.

I tillegg var det følgande merknad:

Ledelsen har ikke i tilstrekkelig grad hindret fare for brudd på taushetsplikten, da søknadsskjema for sosial stønad gir inntrykk av å gi fullmakt som ikke tilfredsstiller kravet til informert samtykke.

